

RESOLUSJON

Karrieredagar ved HVL

Vedtatt av Studenttinget 13.11.2023

Resolusjon: Karrieredagar ved HVL

Gjentekne gongar har studentar frå fleire campus gitt uttrykk for at dei saknar ein møteplass mellom studentar og arbeidslivet. Dette er eit tilbod me ikkje har hjå HVL, men som er særdeles vanleg i UH-sektoren.

[HVL presenterer](#) på sin nettside at dei ynskjer å vere arbeidslivsretta og at dei kvart år uteksaminera 4.500 studentar. [I strategi 2019-2023](#) har dei også eit ynskje om å vere tett på arbeidslivet som dei utdannar til. I dag har ikkje HVL nokon slike tilbod som innfattar karrieredagar eller fagdagar som samlar studentar og arbeidslivet. I Bergen har BTS arrangert karrieredagar for sine studentar. Dette viser at det er interesse blant studentane.

Ved å sjå til andre universitet og høgskular i Noreg, kan me sjå at dei arrangerer ulike karrieredagar for deira studentar. [Bridge NTNU](#) arrangerer fleir titals karrieredagar for studentane ved NTNU årleg. Eit eksempel på dette er [Karrieredagane](#). [Eit anna eksempel](#) er slik Universitetet i Sørøst-Norge gjer det. Dei lagar møteplassar mellom studentane og aktuelle arbeidsgivarar ved ulike campus til dei ulike fagretningane.

[Eit liknande tiltak](#) blei gjennomført i haust, The Ocean Young. Her blei dei deltakande informert om arbeidsliv knytt til havbruksnæring.

RESOLUSJON

Karrieredagar ved HVL

Vedtatt av Studenttinget 13.11.2023

Studenttinget på Vestlandet meiner/krevjar/ønsker/vil at:

- ▶ Høgskulen skal tilretteleggje for at det vert gjennomført karrieredagar eller tilsvarande møteplassar mellom studentane og moglege framtidige arbeidsplassar og næringsliv.
- ▶ Høgskulen skal hjelpe til der studentfrivilligheita/studentorganisasjonar ikkje kan gjennomføre karrieredagar.